

Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 21.05.2015
Møtestad: Knarvik sjukeheim
Møtetid: 12:00 - 16:40

Andre møte 21.mai på Knarvik sjukeheim:
Valstyret kl. 09:00
Levekårsutvalet kl. 09:00
Frivilligsentralen Årsmøte kl. 10:00
Lindås tomteselskap AS generalforsamling kl. 10:30

Orientering:
Landbrukskontoret
Strilekrigen 40 år etter v/Inger Helen Midtgård

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Nina Bognøy	AP	Medlem
Ståle Juvik Hauge	AP	Medlem
Astrid Namtvedt Sylta	AP	Medlem
Bjarte Vatnøy	FRP	Medlem
Nina Stabell Øvreås	FRP	Medlem
Øystein Reidar Moldeklev	FRP	Medlem
Gudmund Husdal	FRP	Medlem
May Eva Sandvik	H	Varaordfører
Leif Hosøy Sleire	KRF	Medlem
Ingrid Hindenes	Uavh	Medlem
Jan-Erik Hope	H	Medlem
Kjell Magnar Fagna	Uavh	Medlem
Anne Julie Hetland	H	Medlem
Arne Ramslie	KRF	Medlem
Asle Hetlebakke	KRF	Medlem
Kåre Romarheim	KRF	Medlem
Kaare Gaulen	KRF	Medlem
Sæbjørg Hageberg Kjeka	KRF	Medlem
Odd Leif Mjøs	KRF	Medlem
Alf Angelskår	KRF	Medlem
Jostein Hellestveit	SP	Medlem
Kjetil Gjerstad	SP	Medlem
Ingeborg Askeland	SP	Medlem

Aashild Halland	V	Medlem
-----------------	---	--------

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Bjørn Brunborg	AP	Medlem
Marit Tømmermo	AP	Medlem
Mette Valle	AP	Medlem
Henriette Mjøs	FRP	Medlem
Halvard Rydland	H	Medlem
Astrid Aarhus Byrknes	KRF	Ordførar
Odin Kristiansen	V	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Mette Bøe	AP	
Stina Vabø Mongstad	AP	
Espen Fosseid Aakre	AP	
Ingrid J.Fjeldsbø	H	
Bent Risøy	KRF	
Rolf Nesheim	V	

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Hogne Haugsdal-ass.rådmann, Janne Sund-økonomisjef, Kristin Moe-kommunalsjef oppvekst, Tove Mette Arnø Fyllingen-sekretær, Ørjan Raknes Forthun-rådmann

Sakliste

Saknr	Tittel
034/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
035/15	Godkjenning av møteprotokoll
036/15	Høyring – justeringar i Nordhordlandspakken
037/15	Melding frå kontrollutvalet 21.05.2015
038/15	Selskapskontroll Lindås Tomteselskap AS
039/15	Val av revisjon
040/15	Alversund skule - skisseprosjekt Del 2
041/15	Kommunal garanti bustadprosjekt Hordasmibakken
042/15	Årsrekneskap 2014
043/15	Årsmelding 2014
044/15	Finansrapport 2014
045/15	Helsehus – Innhald Lindås kommune
046/15	Samarbeidsavtale mellom Lindås kommune og private barnehagar.
047/15	Kulturplan 2010-2020 (rullering - 2. gangs handsaming)

- 048/15 Kommunedelplan for skule 2014 - 2018
049/15 TV-aksjonen 2015 oppretting av kommunekomitee
050/15 Melding/orientering til kommunestyret 21.05.2015
051/15 Søknad om fritak - medlem i eldrerådet

034/15: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent

21.05.2015 Kommunestyret

Sak 048/15 skal ikkje handsamast i dette møte, saka vert sett opp til handsaming i kommunestyret 18.juni 2015.

Ingen merknader.

KO - 034/15 VEDTAK:

Innkalling og saksliste er godkjent

035/15: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent

21.05.2015 Kommunestyret

Ingen merknader, samrøystes.

KO - 035/15 VEDTAK:

Møteprotokollen er godkjent

036/15: Høyring – justeringar i Nordhordlandspakken

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Lindås kommune sluttar seg til justeringane i Nordhordlandspakken, slik dei er skissert i høyringsbrev frå Statens Vegvesen datert 10.04.15.

21.05.2015 Kommunestyret

May-Eva Sandvik var ugild i denne saka og deltok ikkje under handsaminga. Jan-Erik Hope vart vald som saksordførar for saka. Det vart innført taletid på 3 min.

Framlegg frå B.Vatnøy-Frp:

Lindås kommune avvisar saka då dette skulle vore oppe som sak - Nordhordlandspakke -nytt framlegg, og ikkje som høyringssak.

Framlegget fekk 7 røyster og fall (alle Frp, I.Hindenes-Uavh. og S.Hauge-Ap).

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke mot 7 røyster (alle Frp, I.Hindenes-Uavh. og S.Hauge-Ap)

KO - 036/15 VEDTAK:

Lindås kommune sluttar seg til justeringane i Nordhordlandspakken, slik dei er skissert i høyringsbrev frå Statens Vegvesen datert 10.04.15.

037/15: Melding frå kontrollutvalet 21.05.2015

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering.

21.05.2015 Kommunestyret

Ingen merknader, samrøystes.

KO - 037/15 VEDTAK:

Meldinga er teke til orientering.

038/15: Selskapskontroll Lindås Tomteselskap AS

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak

Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjoner og forslag til tiltak.

21.05.2015 Kommunestyret

Deloitte orienterte i starten av saka.

Kontrollutvalet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO - 038/15 VEDTAK:

Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjoner og forslag til tiltak.

039/15: Val av revisjon

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak

Lindås kommune godtek tilbodet frå Deloitte AS med grunngjeving i at dei kom best ut under vurderinga av tildelingskriteria.

21.05.2015 Kommunestyret

Kontrollutvalet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO - 039/15 VEDTAK:

Lindås kommune godtek tilbodet frå Deloitte AS med grunngjeving i at dei kom best ut under vurderinga av tildelingskriteria.

040/15: Alversund skule - skisseprosjekt Del 2

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

1. Kommunestyret vel å gå vidare med alternativ B, nybygg på ny tomt
2. Det vert utarbeidd eit prosjektmandat til neste formannskapsmøte og arbeidet med forprosjektet startar.
3. Kostnadar med planlegging og prosjektering blir i første fase henta frå investeringsmidlar

«rehabilitering av Alversund skule». Ny investeringsramme for ny Alversund skule blir handsama i budsjettprosessen.

4. Det blir starta reguleringsarbeid for området med ny skule.

5. For å få tippemiddel må hall og symjehall inn i kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø, og opprettes som egne prosjekt.

28.04.2015 Levekårsutvalet

Einingsleiar Therese Urdahl Braseth orienterte til saka.

Rådmannen sitt framlegg pkt. 1-4 vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå Sæbjørg H. Kjeka-Krf og Bjørn Brunborg-Ap:

Tillegg til rådmannen sitt framlegg:

5. Idrettsplanen må snarast få ei mindre rullering for å innlema fotballbane, hall og symjehall i kommuneplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø, slik at desse kan opprettast som egne prosjekt og få tippemidlar.

Framlegget frå Sæbjørg H. Kjeka-Krf og Bjørn Brunborg-Ap vart samrøystes vedteke.

LE - 035/15 UTTALE:

1. Kommunestyret vel å gå vidare med alternativ B, nybygg på ny tomt

2. Det vert utarbeidd eit prosjektmandat til neste formannskapsmøte og arbeidet med forprosjektet startar.

3. Kostnadar med planlegging og prosjektering blir i første fase henta frå investeringsmidlar «rehabilitering av Alversund skule». Ny investeringsramme for ny Alversund skule blir handsama i budsjettprosessen.

4. Det blir starta reguleringsarbeid for området med ny skule.

5. Idrettsplanen må snarast få ei mindre rullering for å innlema fotballbane, hall og symjehall i kommuneplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø, slik at desse kan opprettast som egne prosjekt og få tippemidlar.

30.04.2015 Formannskapet

Rådmannen sitt pkt 1-4 vart samrøystes vedteke.

Pkt 5 i framlegget frå levekårsutvalet vart samrøystes vedteke.

FO - 024/15 INNSTILLING:

1. Kommunestyret vel å gå vidare med alternativ B, nybygg på ny tomt

2. Det vert utarbeidd eit prosjektmandat til neste formannskapsmøte og arbeidet med forprosjektet startar.

3. Kostnadar med planlegging og prosjektering blir i første fase henta frå investeringsmidlar «rehabilitering av Alversund skule». Ny investeringsramme for ny Alversund skule blir handsama i budsjettprosessen.

4. Det blir starta reguleringsarbeid for området med ny skule.

5. Idrettsplanen må snarast få ei mindre rullering for å innlema fotballbane, hall og symjehall i kommuneplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø, slik at desse kan opprettast som eigne prosjekt og få tippemidlar.

21.05.2015 Kommunestyret

Rolf Nesheim var ugild i denne saka, då familien eig den aktuelle tomta, og deltok difor ikkje i handsaming av saka.

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO - 040/15 VEDTAK:

1. Kommunestyret vel å gå vidare med alternativ B, nybygg på ny tomt

2. Det vert utarbeidd eit prosjektmandat til neste formannskapsmøte og arbeidet med forprosjektet startar.

3. Kostnadar med planlegging og prosjektering blir i første fase henta frå investeringsmidlar «rehabilitering av Alversund skule». Ny investeringsramme for ny Alversund skule blir handsama i budsjettprosessen.

4. Det blir starta reguleringsarbeid for området med ny skule.

5. Idrettsplanen må snarast få ei mindre rullering for å innlema fotballbane, hall og symjehall i kommuneplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø, slik at desse kan opprettast som eigne prosjekt og få tippemidlar.

041/15: Kommunal garanti bustadprosjekt Hordasmibakken

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

1. Lindås kommune gjev ein kommunal garanti, der Lindås kommune forpliktar seg til å skaffe kjøparar til 14 bustadar i prosjekt Hordasmibakken.
2. Garantien gjeld for 14 bustadar med ein snittpris på kr 2.125.000, totalt kr 29.610.000,-
3. Det er ein føresetnad for garantien at det vert nytta grunnlån frå Husbanken, og / eller kommunalt startlån og tilskot, etter gjeldande kriteria, som finansiering.
4. Det ein føresetnad for garantien at Lindås Tomteselskap AS forpliktar seg til å kjøpe minst inntil sju bustadar, viss ikkje kommunen klarar å finna kjøparar til alle dei 14 bustadane.

30.04.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - 021/15 INNSTILLING:

1. Lindås kommune gjev ein kommunal garanti, der Lindås kommune forpliktar seg til å skaffe kjøparar til 14 bustadar i prosjekt Hordasmibakken.
2. Garantien gjeld for 14 bustadar med ein snittpris på kr 2.125.000, totalt kr 29.610.000,-
3. Det er ein føresetnad for garantien at det vert nytta grunnlån frå Husbanken, og / eller kommunalt startlån og tilskot, etter gjeldande kriteria, som finansiering.
4. Det ein føresetnad for garantien at Lindås Tomteselskap AS forpliktar seg til å kjøpe minst inntil sju bustadar, viss ikkje kommunen klarar å finna kjøparar til alle dei 14 bustadane.

21.05.2015 Kommunestyret

Avtale dat. 21.05.2015 vart utdelt i møtet.

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO - 041/15 VEDTAK:

1. Lindås kommune gjev ein kommunal garanti, der Lindås kommune forpliktar seg til å skaffe kjøparar til 14 bustadar i prosjekt Hordasmibakken.
2. Garantien gjeld for 14 bustadar med ein snittpris på kr 2.125.000, totalt kr 29.610.000,-
3. Det er ein føresetnad for garantien at det vert nytta grunnlån frå Husbanken, og / eller kommunalt startlån og tilskot, etter gjeldande kriteria, som finansiering.
4. Det ein føresetnad for garantien at Lindås Tomteselskap AS forpliktar seg til å kjøpe minst inntil sju bustadar, viss ikkje kommunen klarar å finna kjøparar til alle dei 14 bustadane.

042/15: Årsrekneskap 2014

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

1. Kommunestyret godkjenner Lindås kommune sin årsrekneskap for 2014
2. Tilskotssatsen til dekking av driftskostnader pr. heiltidsplass for ordinære barnehagar, små born, blir for 2014 fastsett til 171 378 kr. Tilskotssatsen til dekking av driftskostandar pr heiltidsplass for ordinære barnehagar, store born, vert fastsett til 82 230 kr

30.04.2015 Formannskapet

Uttale frå kontrollutvalet vert lagt ved saka til innkallinga i kommunestyret.

Endring av satsane i rådmannen sitt framlegg til vedtak punkt 2:

Tilskotssatsen til dekking av driftskostnader pr. heiltidsplass for ordinære barnehagar, små born, blir for 2014 fastsett til 171 995 kr. Tilskotssatsen til dekking av driftskostandar pr heiltidsplass for ordinære barnehagar, store born, vert fastsett til 82 572 kr.

Rådmannen sitt framlegg med endringa vart samrøystes vedteke.

FO - 031/15 INNSTILLING:

1. Kommunestyret godkjenner Lindås kommune sin årsrekneskap for 2014
2. Tilskotssatsen til dekking av driftskostnader pr. heiltidsplass for ordinære barnehagar, små born, blir for 2014 fastsett til 171 995 kr. Tilskotssatsen til dekking av driftskostandar pr heiltidsplass for ordinære barnehagar, store born, vert fastsett til 82 572 kr...

21.05.2015 Kommunestyret

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO - 042/15 VEDTAK:

1. Kommunestyret godkjenner Lindås kommune sin årsrekneskap for 2014
 2. Tilskotssatsen til dekking av driftskostnader pr. heiltidsplass for ordinære barnehagar, små born, blir for 2014 fastsett til 171 995 kr. Tilskotssatsen til dekking av driftskostandar pr heiltidsplass for ordinære barnehagar, store born, vert fastsett til 82 572kr
-

043/15: Årsmelding 2014

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Kommunestyret tek årsmeldinga for 2014 til orientering

30.04.2015 Formannskapet

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - 032/15 INNSTILLING:

Kommunestyret tek årsmeldinga for 2014 til orientering

21.05.2015 KOMMUNESTYRET

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO - 043/15 VEDTAK:

Kommunestyret tek årsmeldinga for 2014 til orientering

044/15: Finansrapport 2014

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Kommunestyret tek finansrapport for 2014 til orientering

30.04.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - 033/15 INNSTILLING:

Kommunestyret tek finansrapport for 2014 til orientering

21.05.2015 Kommunestyret

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO - 044/15 VEDTAK:

Kommunestyret tek finansrapport for 2014 til orientering

045/15: Helsehus – Innhald Lindås kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Kommunestyret godkjenner prosjektmandat for prosjektet helsehus - innhald Lindås kommune.

27.04.2015 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ynskjer sterkt at det vert prioritert å få plass til eit terapibasseng, Dette for rehabilitering og habilitering.

Samrøystes vedteke-

RMNF - 013/15 UTTALE:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ynskjer sterkt at det vert prioritert å få plass til eit terapibasseng, Dette for rehabilitering og habilitering.

28.04.2015 ELDRERÅDET

- * Eldrerådet er samd med rådmannen sitt forslag til vedtak.
- * Eldrerådet ber om å verta aktivt brukt i den vidare prosess.
- * Eldrerådet ber om at det vert vurdert plassering av brannutrykkingskjøretøyene i det nye helsehuset, inkl. oppholds/ bulokaliteter for vaktmannskapet.

Samrøystes vedteke.

ER - 016/15 UTTALE:

- * Eldrerådet er samd med rådmannen sitt forslag til vedtak.
- * Eldrerådet ber om å verta aktivt brukt i den vidare prosess.
- * Eldrerådet ber om at det vert vurdert plassering av brannutrykkingskjøretøyene i det nye helsehuset, inkl. oppholds/bulokaliteter for vaktmannskapet.

28.04.2015 Levekårsutvalet

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

LE - 036/15 UTTALE:

Kommunestyret godkjenner prosjektmandat for prosjektet helsehus - innhald Lindås kommune.

30.04.2015 Formannskapet

Rådmannen soitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - 030/15 INNSTILLING:

Kommunestyret godkjenner prosjektmandatet for prosjektet helsehus – innhald Lindås kommune

21.05.2015 Kommunestyret

Framlegg om tilleggspunkt frå K.Gjerstad-Sp:

1. Representant frå verneombodstenesta skal delta i prosjektgruppa jf.AML § 4-2, 3 ledd og § 6-2, 4 ledd.
2. Prosjekt skal følgas opp gjennom AMU evt.gjennom underutval av AMU jf. AML § 7-2, 2 ledd bokstav c&d.

Framlegget fekk 3 røyster og fall (K.Gjerstad, I.Askeland og J.Hellestveit alle SP)

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO - 045/15 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

Kommunestyret godkjenner prosjektmandatet for prosjektet helsehus – innhald Lindås kommune

046/15: Samarbeidsavtale mellom Lindås kommune og private barnehagar.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Samarbeidsavtale mellom Lindås kommune og private barnehagar vert vedteken slik den ligg føre. Arbeidet med å underteikne avtalen vert starta opp innan kort tid.

28.04.2015 LEVEKÅRSUTVALET

Rådgielar Astrid Namtvedt Sylta orienterte til saka.
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

LE - 028/15 INNSTILLING:

Samarbeidsavtale mellom Lindås kommune og private barnehagar vert vedteken slik den ligg føre.
Arbeidet med å underteikne avtalen vert starta opp innan kort tid.

21.05.2015 Kommunestyret

Astrid N.Sylta var ugild og deltok ikkje i handsaming av denne saka.
Endring i rådmannen sitt framlegg pkt. 4.4 og 4.5.
Innstillinga frå levekårsutvalet vart samrøystes vedteke.

KO - 046/15 VEDTAK:

Samarbeidsavtale mellom Lindås kommune og private barnehagar vert vedteken slik den ligg føre.
Arbeidet med å underteikne avtalen vert starta opp innan kort tid.

047/15: Kulturplan 2010-2020 (rullering - 2. gangs handsaming)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Kulturplan for 2010-2020 vert vedteke med nye tiltak slik det kjem fram i Rådmannens framlegg.

28.04.2015 Levekårsutvalet

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

LE - 026/15 INNSTILLING:

Kulturplan for 2010-2020 vert vedteke med nye tiltak slik det kjem fram i Rådmannens framlegg.

21.05.2015 Kommunestyret

Innstillinga frå levekårsutvalet vart samrøystes vedteke.

KO - 047/15 VEDTAK:

Kulturplan for 2010-2020 vert vedteke med nye tiltak slik det kjem fram i rådmannens framlegg.

048/15: Kommunedelplan for skule 2014 – 2018 GÅR UT

049/15: TV-aksjonen 2015 oppretting av kommunekomitee

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Kommunekomiteen for TV-aksjonen 2015:

Ordførar Astrid Aarhus Byrknes

Frivillegsentralen

?

21.05.2015 Kommunestyret

Framlegg om tillegg:

Ressurspersonar komiteen meiner er naudsynt å ta med.

Rådmannen sitt framlegg med tillegg vart samrøystes vedteke.

KO - 049/15 VEDTAK:

Kommunekomiteen for TV-aksjonen 2015:

Ordførar Astrid Aarhus Byrknes

Frivillegsentralen

Ressurspersonar komiteen meiner er naudsynt å ta med.

050/15: Melding/orientering til kommunestyret 21.05.2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Meldinga vert teke til orientering.

21.05.2015 Kommunestyret

Rådmann Ørjan R.Forthun orienterte:

- oppfølging vedtak

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO - 050/15 VEDTAK:

Meldinga er teke til orientering.

Interpellasjon frå Lindås senterparti v/ Ingeborg Askeland

Interpellasjonen gjeld eit areal på gbr,!88/5 Gjervik ytre, like ved E39. Dette arealet ligg etter kommunen sin arealplan i eit LNF-område. Tidlegare eigar fekk løyve til mellombels bruk av arealet som lagringsplass for stein- og fyllmassar på det vilkåret at arealet vart tilbakeført til jordbruksareal innan 01.03.2012. Viser til sak 89/ 10 og 147/11 i plan og miljø-utvalet. Tilbakeføring er ikkje skjedd, og arealet ligg som eit sår i kulturlandskapet. Arealet er selt vidare og det vart søkt om å få setja opp ein lagerhall. Plan- og miljøutvalet gav i Sak 131/13 dispensasjon til å setja opp ein mellombels hall på visse vilkår. Løyvet vart gitt delegert sak datert 29.10.2013 med ytterlegare vilkår. Eitt av vilkåra er at hallen skal fjernast og arealet tilbakeførast til landbruksareal innan 31.08.2015.

Oppfølging av vilkåra har vore etterspurt av naboar. Det går ikkje fram av postlistene at bruksløyve er sendt til tiltakshavar. Frå postlistene finn ein at tiltakshavar har søkt om dispensasjon frå kravet om tilbakeføring. For eitt år sidan opplyste kommunen at saka var i prosess.

På bakgrunn av dette ber Senterpartiet om ei utgreiing om prosessen omkring dette arealet og lagerhallen. Vi ønskjer m.a. svar på følgjande spørsmål:

Når vart ferdigattest, evt. mellombels bruksløyve gjeve? Jf. pkt 8 i delegert løyvebrev.

- I vedtak av landbrukssjefen av 7.10.2013 vert det sett som vilkår at det skal vera ein plan for tilbakeføring til jordbruksareal for arealet utanom hallen. Denne skal vera godkjend før hallen vert sett opp.
- Når vart denne planen godkjend?

Korleis er denne planen følgd opp?

- Kva har kommunen svara tiltakshavar på spørsmålet om dispensasjon frå kravet om tilbakeføring til jordbruksareal?
- Kva vert gjort for å sikra gjennomføring av vilkår nr. 7 i løyvet, som seier at hallen skal vera fjerna og heile tomte skal tilbakeførast til landbruksareal innan 31.08.2015?

Svar frå ordførar:

Når vart ferdigattest, evt. mellombels bruksløyve gjeve? Jf. pkt 8 i delegert løyvebrev.

Svar: Sidan hallen er eit mellombels lager er det ikkje vidareført krav om bruksløyve/ferdigattest.

- I vedtak av landbrukssjefen av 7.10.2013 vert det sett som vilkår at det skal vera ein plan for tilbakeføring til jordbruksareal for arealet utanom hallen. Denne skal vera godkjend før hallen vert sett opp.

Når vart denne planen godkjend?

Svar: Tiltakshavar har sendt inn sin plan i brev av 13.03.2014 til Landbrukskontoret. I sitt brev har tiltakshavar mellom anna bedt kommunen om å fråfalle kravet om tilbakeføring til landbruksareal. Landbrukssjefen har i brev av 03.07.14 gitt tilbakemelding om at vilkåra gjeld, jorda må tilbakeførast og arealet skal vera klart for såing for grasproduksjon våren 2015.

Korleis er denne planen følgd opp?

Svar: Det har ikkje vore konkret oppfølging av planen etter at brevet av 03.07.14 blei sendt. Tiltakshavar har ved fleire høve vore i kontakt med Landbrukssjefen. Både ved besøk på kontoret og telefonisk. Kvar gong har han vorte minna på tidsfristen for gjennomføring av planen.

- Kva har kommunen svara tiltakshavar på spørsmålet om dispensasjon frå kravet om tilbakeføring til jordbruksareal?
Svar: Viser til svar på det andre spørsmålet. Landbrukssjefen har i brev av 03.07.14 gitt tilbakemelding om at vilkåra gjeld, jorda må tilbakeførast og arealet skal vera klart for såing for grasproduksjon våren 2015.
- Kva vert gjort for å sikra gjennomføring av vilkår nr. 7 i løyvet, som seier at hallen skal vera fjerna og heile tomte skal tilbakeførast til landbruksareal innan 31.08.2015?
Svar: Byggesak vil følgje opp vedtaket om fjerning av den mellombelse hallen i samsvar med fristen som er satt til 31.08.2015.

051/15: Søknad om fritak - medlem i eldrerådet

Valnemnda legg fram innstilling i møtet

21.05.2015 Kommunestyret

Samrøystes innstilling frå valnemnda:

Karl Johan Olsen får fritak som medlem i eldrerådet for resten av inneverande kommunestyreperiode.

Vara Rune Seim går inn som medlem i eldrerådet ut kommunestyreperioden, og Nina Bognøy som ny vara.

Framlegget frå valnemnda vart samrøystes vedteke.

KO - 051/15 VEDTAK:

Karl Johan Olsen får fritak som medlem i eldrerådet for resten av inneverande kommunestyreperiode.

Vara Rune Seim går inn som medlem i eldrerådet ut kommunestyreperioden, og Nina Bognøy som ny vara.
